

MOTTATT

2 JUL 2012

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010  
0030 OSLO

**Gol og Hemsedal kommune vil gje slik uttale til forslaget til Nasjonal Transportplan2014 – 2023.**

**Ny veg Rv.52 Gol – Robru må prioriterast i fyrste del av planperioden.**

Rv. 52 startar i kryss med riksveg 7 ved Gol vest. Stort sett har heile den ca. 8 km lange strekninga mellom Gol og Robru svært dårleg standard. Det er nødvendig å bygge ny veg på denne strekninga både av omsyn til vegstandard og framføring, og av omsyn til utvikling av Gol sentrum. Den nye traseen har eit mykje betre stigningsforhold enn noverande veg. Delar av strekninga blir også vurdert som felles trase med Fv51. Ny veg ligg inne i kommunen sine planar.

**Grunngjeving::**

*Strekninga Gol –Robru, som ein del av ein av dei mest trafikkerte vegane – aust –vest, er av svært dårleg standard. Rv52 er den vegen aust-vest som har hatt størst trafikkauke dei siste 5 åra. Rv52 bind landsdelar saman og har ein sterk interregional funksjon, som har stor betydning for næringslivet både på Vestlandet og Austlandet. Rv52 er og ei hovudferdselsåre for Hemsedal som er ein av dei store reiselivsdestinasjonane i landet.*

*Riksveg 52 har størst tungtrafikk av alle fjellovergangane aust –vest. Trafikken av tunge bilar på Rv52 ved Bjøberg i 2011 var 345 kjøretøy pr døgn, eller ca. 29 % av totaltrafikken. Variasjonen over året er liten og det same gjeld variasjon mellom vekedagane. Tungtrafikken på riksveg 52 er meir enn dobla sidan Lærdalstunnelen vart opna, og det er venta ein ytterlegare auke når innkortinga på R7 (Sokna-Ørgenvika) er ferdig sommaren 2014.*

*E-CO planlegg utviding av kraftstasjonen Hemsil 2 på Gol. For å utnytte flaumvassføringa i Hemsil, inneberer planen m.a. ny tunnel frå Eikredammen til kraftstasjonen i Gol. I tillegg vil også at utløpet frå kraftstasjonen gå i tunnel heilt ned til Hallifossen på grensa mellom Gol og Nes. Dette er eit prosjekt som vil gje store mengda tunnelmasse, som det vil vera heilt naturleg å sjå i samband med ny veg Gol – Robru.*

3560 Hemsedal , den 29. juni 2012

Med helsing



Halvor Lilleslett  
Ordfører i Gol



Oddvar Grøthe  
ordfører i Hemsedal